



Vik kommune,
Postboks 134,
6891 VIK I SOGN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vik kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025

Vik kommunestyre har i møtet 16.12.2021, sak 76/21, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan for 2022-2025. Vi har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbake-melding om korleis vi vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følge av covid-19 har kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i opphavleg budsjett og økonomiplan til kommunen, og vi vil følge konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sette i verk.

Oppsummering

Disposisjonsfondet bør bli halde på minst det same nivået som ved utgangen av 2021. Det er viktig for kommunen å ha eit stort disposisjonsfond som driftsreserve på bakgrunn av at kommunen vil få eit svært høgt gjeldsnivå.

Kommunen vil få eit svært høgt gjeldsnivå i løpet av økonomiplanperioden, først og fremst som følge av investeringa i det nye omsorgssenteret. Det er viktig at kommunen reduserer andre låne-opptak til eit minimum slik at gjeldsbelastninga over tid blir redusert.

Kommunen vil ha ei eldre befolkningssamansetjing over tid. Investeringa i nytt omsorgssenter er viktig for å tilpasse tenestene til dette. Med den pårekna store auken i lånegjelda framover, må kommunen oppnå driftsinnsparingar som frigjer midlar til å dekke auken i kapitalutgiftene.

Budsjett 2022

I førebels rekneskap for 2021 er det eit netto driftsoverskot med kr 15,6 mill. Det utgjer 4,3 prosent av driftsinntektene i 2021. Størstedelen av netto driftsoverskot i 2021 er sett av til å styrke disposisjonsfondet.



Netto driftsoverskot i budsjettet for 2022 er kr 8,2 mill. Det utgjør 2,4 prosent av driftsinntektene.

Kommunen har budsjettet med kr 89,0 mill. i skatt på eige og inntekt for 2022. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettet med til saman kr 200,9 mill.

Inntektsprognosen for 2022 er no oppdatert med innkomen skatt i 2021. Den siste inntektsprognosen for kommunen er no kr 200,2 mill.

Det er budsjettet med kr 22,7 mill. i eigedomsskatt for 2022. Innkomen eigedomsskatt i 2021 var om lag kr 25,9 mill.

Kommunen har eigedomsskatt på kraftverk, linjenett, næring og bustad- og fritidshus. Reduksjonen i eigedomsskatt frå 2021 til 2022 skuldast reduksjon i skattesatsen for bustad- og fritidshus frå fire promille til tre promille, som eit tiltak for i år på bakgrunn av høge straumprisar.

Det er budsjettet med utbytte kr 7,3 mill. frå Sognekraft AS. Faktisk utbytte frå selskapet er påreknå å bli noko høgare i år. Kommunen eig 19,8 prosent av aksjane i selskapet. For dei komande åra er det lagt til grunn årleg utbytte frå Sognekraft AS med kr 6,0 mill. årleg.

Det er budsjettet med kr 18,5 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Dette oppfyller minimumskravet for ordinære avdrag i kommunelova.

I 2022 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 74,7 mill. Av dette utgjør avgiftsfinansierte investeringar i vassverk og avlaup kr 11,4 mill. Den største investeringa er i Vik helse og omsorgssenter, som er planlagt gjennomført over heile økonomiplanperioden. Investeringane blir i hovudsak finansierte med bruk av lån. Dessutan blir investeringane finansierte med kompensasjon av meirverdiavgift m.m.

Det er budsjettet med startlån til vidare utlån, kr 2,0 mill. Eigenkapitalinnskot i KLP, kr 900.000,-, bli finansiert frå drifta.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2021 var kr 362,5 mill. (førebel rekneskap), medrekna startlån til vidare utlån. Dette utgjør 99,5 prosent av sum driftsinntekter i 2021. Lånegjelda var til same tid om lag kr 140.700,- per innbyggjar.

Økonomiplan 2022 - 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Etter at det er budsjettet med eit netto driftsoverskot i år, kr 8,2 mill., er det lagt opp til svakare netto driftsoverskot utover i økonomiplanperioden.

Kommunen sitt disposisjonsfond var kr 51,8 mill. ved utgangen av 2021 (førebel rekneskap). Det utgjør 14,2 prosent av driftsinntektene i 2021.



Det er lagt opp til eit høgt investeringsnivå i økonomiplanperioden som følgje av investeringa i det nye omsorgssenteret. Denne investeringa blir finansiert med låneopptak, i tillegg til statleg investeringstilskot og kompensasjon av meirverdiavgift.

Kommunen si lånegjeld kjem difor til å auke mykje i økonomiplanperioden. Netto lånegjeld (utanom lån i Husbanken til vidare utlån) var opphavleg i planen påreknna å auke til om lag kr 511 mill. ved utgangen av 2025. Dette ville utgjort om lag 160 prosent av driftsinntektene. Når statlege investeringstilskot til omsorgssenteret er motteke fullt ut i 2025 og nytta til ekstra gjeldsnedbetaling, ville lånegjelda utgjort om lag 140 prosent av driftsinntektene basert på opphavleg økonomiplan.

Som følgje av høgare byggjekostnader enn tidlegare lagt til grunn, er investeringskostnadene til omsorgssenteret påreknna å bli mellom kr 50 mill. og kr 60 mill. høgare enn det som er innarbeidd i økonomiplanen. Det vil bli ein tilsvarande større auke i lånegjelda.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid.

Kommunestyret har lagt til grunn følgjande finansielle måltal for økonomiplanperioden:

1. Netto driftsresultat

a. Netto driftsresultat skal på lang sikt vere større enn 1,0 prosent av driftsinntektene.

2. Gjeldsutvikling

a. Netto lånegjeld, lånegjeld etter fråtrekk for pensjonsforpliktingar og unytta lån, i prosent av sum driftsinntekter. Det langsiktige målet er under 130 prosent. I lys av investeringane knytt til det nye omsorgssenteret og VAR-sektoren, vil indikatoren stige til over 160 prosent i 2025 for deretter å bli redusert.

b. Supplerande indikator

i. Justert lånegjeld i prosent av sum driftsinntekter under 90 prosent.

ii. Bruk av lån (netto) i kr til finansiering av brutto investeringar utanom lån til omsorgssenteret, lån til sjølvkost VAR og husbanklån til vidare utlån blir sett til kr 5,6 mill. Dette svarer til investeringar på kr 7 mill. inkl. momskompensasjon.

iii. Renter og avdrag i prosent av sum driftsinntekter. Langsiktig mål for denne indikatoren fram mot 2030 er sett til under 10 prosent.

3. Disposisjonsfond

a. Fondet bør utgjere minimum 10 prosent av sum driftsinntekter, justert for siste års rekneskaps meir- eller mindreforbruk.

Statsforvaltaren sine vurderingar

I førebels rekneskap 2021 og budsjett 2022 er netto driftsoverskot større enn måлтаlet på 1,0 prosent av driftsinntektene. Vi vurderte i fjor at det ville vere vanskeleg for kommunen å oppnå netto driftsoverskot på 1,75 prosent av driftsinntektene. På bakgrunn av inntektsutviklinga og resultatet i fjor, vurderer vi no dette som ei realistisk målsetjing. Det kan vere føremålstenleg å



ha netto driftsoverskot på 1,75 prosent som målsetjing, som er lik den generelle tilrådinga for kommunane.

Kommunen si lånegjeld er allereie høg. Kommunen vil få eit svært høgt gjeldsnivå i løpet av økonomiplanperioden, først og fremst som følgje av investeringa i det nye omsorgssenteret. Lånegjelda vil bli svært høg, også etter at investeringstilskot til omsorgssenteret er nytta til ekstra gjeldsnedbetaling.

Disposisjonsfondet var ved utgangen av 2021 om lag 14 prosent av driftsinntektene. På bakgrunn av svært høg pårekna lånegjeld framover, bør kommunen ha eit stort disposisjonsfond som driftsreserve. Kommunen vil med det høge gjeldsnivået også vere særleg sårbar for auke i rentenivået. På denne bakgrunn bør det vere ei målsetjing å halde ved lag disposisjonsfondet på minst same nivået som ved utgangen av 2021.

Vi er samde i at kommunen avgrensar nye lån til årleg maksimalt kr 5,6 mill., utanom lån til omsorgssenteret, lån til sjølvkost VAR og husbanklån til vidare utlån. Andre låneopptak enn til dei nemnde føremåla, må vere på eit minimum. Det er viktig å gjere tiltak slik at gjelda kan bli redusert.

Kommunen vil ha ei eldre befolkningssamansetjing over tid. Investeringa i nytt omsorgssenter er viktig for å tilpasse tenestene til dette. Med den pårekna store auken i lånegjelda framover, må kommunen oppnå driftsinnsparingar som frigjer midlar til å dekke auken i kapitalutgiftene.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent